

MARLO SKULE

Beskrivelse/salsoppgave

Identifikasjon av eigedomen:

Gnr. 57 bnr. 1 i Skjåk kommune. Skjåk solside 395, 2690 Skjåk

Eigar:

Skjåk kommune

Beskrivelse av eigedomen

Festetomt på ca. 3.800 m². Areal bygning oppvarma, totalt ca. 1.050m² BRA.

Marlo skule stod ferdig og var teken i bruk som skule i 1924. Hovedbæresystem i tre. Ytterveggar og innvendige bæreveggar i lafta tømmer. Det har vore gjort fleire endringar og ombyggingar av bygget opp gjennom åra. Siste ombygging og renovering av den gamle delen var gjort rundt år 2000. I tillegg til heilrenovering av bygningen var det sett inn nytt ventilasjonsanlegg.

I 1997 var det oppført tilbygg til skulen på 455 m² mot nord og vest. Formålet med tilbygget var rom for gjennomføring av 6-årsreformen, skulefritidsordning og betre arbeidsforholda for dei tilsette.

Tekniske installasjonar, fyrkjele for oppvarming og UV-anlegg for vassforsyning, er plassert i kjellaren i tilbygget. Ventilasjonsanlegg for tilbygget er plassert i eige rom på hovudplan.

Vassforsyning frå brønn på oversida av eigedomen og grunnvassbrønn i bygget. Avløp til felles sandfilteranlegg.

Standard

Bygning frå 1924 med tilbygg i 1997 og renovering av gamle delen i 2000. Solid og godt vedlikehalde bygg. Flotte motiv på ein del dører i gamle delen. Utvendige overflater skulle vore måla.

Ny taktekking på den eldste delen i seinare år. Storparten av dei gamle vinduga var skifta ut i forbindelse med renovering av den gamle delen.

Oppvarming med vassbåren varme og radiatorar. Energikjelde er elektrisitet og olje. Varmeanlegget var montert i forbindelse med tilbygg og renovering.

Enkelt SD-anlegg for styring av ventilasjon montert i 2012.

Brannvarslingsanlegg montert i 1997 og utvida til å dekke gamle delen i år 2000. Lokal varsling. Ikkje direktevarsling til 110.

Det blir gjort merksam på at det ikkje er gjennomført taksering eller tilstandsrapport for eigedomen. Potensielle bydarar blir oppfordra til å gjennomgå eigedomen nøye, gjerne med fagkyndige personar, for å vurdere tilstand ved eigedom og bygningsmasse.

Planstatus til eigedomen

Eigedomen er avsett til offentlege formål. I forslag til ny kommuneplan (kommuneplanen sin arealdel) er arealet lagt ut som "Kombinert formål bustad/kontor/forretning". Kommuneplanen skal opp til politisk handsaming i løpet av hausten 2020.

Vatn og avløp

Eigedomen er forsynt med vatn frå brønn som ligg på gnr.57/2 og grunnvassbrønn inne i skulebygningen. Vatn frå grunnvassbrønnen blir brukt som reservekjelde. Råvatnet frå brønnane går gjennom UV-anlegg før det blir distribuert på nettet. Det er avtale med Marlo grendehus og to private husstandar om levering av drikkevatt frå Marlo. Denne avtala vidareføres av ny eigar av Marlo skule. Vassavgift skal ikkje overstige gebyrsatsane til Skjåk kommune. Ny eigar av Marlo skule må inngå ny avtale med eigar av gnr.57/2 om uttak av vatn frå brønnen. Ny eigar får ansvar for drift og vedlikehald av vassverket i skulebygningen, leidningsnett for vatn og levere drikkevatt etter drikkevassforskrifta.

Avløp frå skulebygningen går til felles sandfilteranlegg. Sandfilteranlegget driftast vidare av Skjåk kommune. Det er kommunal spillvassleidning over eigedomen som skulebygningen er kopla på. Denne blir liggjande som i dag, også etter at eigedomen er selt, og drifta av Skjåk kommune. Ny eigar av eigedomen skal betale kommunalt gebyr på avløp etter kvar tid gjeldande satsar.

Endring av bruksformål til eigedomen

Det er lagt opp til i arealdelen til kommuneplanen at området skal regulerast til kombinert formål bustad/kontor/forretning. Ny eigar må søke om bruksendring på eigedomen ut frå bruksformål.

Offentlege avgifter: Kloakkavgift kr 7 875 (pris 2020)

Festetilhøve: Bortfestar er Opplysningsvesenets fond (OVF). Festeretten blir transportert frå Skjåk kommune til ny eigar, og som fortset festetilhøvet med OVF. Festeavgift blir fastsett av OVF. OVF har signalisert at festeavtala kan innløysast.

Visning og opplysningar om eigedomen

Visning etter avtale

Kontaktperson for å avtale visning og opplysningar om eigedomen:

Ove John Plassen

Tlf: 47 45 21 25

E-post: ove.john.plassen@skjaak.kommune.no

Bod på eigedomen

Bodfristen er sett til 2. november 2020 klokka 12.00.

Bod skal leverast skriftleg på vedlagte bodskjema til ove.john.plassen@skjaak.kommune.no

Bodet må minst innehalde namn og kontaktinformasjon på bodgjevaren, størrelse på bodet, finansieringsplan og dokumentasjon for finansiering i form av stadfesting frå bank eller annan finansieringsinstitusjon. Bodet må være signert og bodgjevar må legitimere seg ved å sende

kopi av legitimasjon i form av pass eller bankkort. Bod er bindande. Seljaren tek atterhald om å forkaste eller godta eitkvart bod.

Akseptfrist gjev uttrykk for kor lengje bodet er gyldig og kan akseptrast av seljaren. Av omsyn til prosessen rundt vurdering av boda, må bod som blir inngjeve minst ha akseptfrist på **10** dagar etter bodfrist.

Vedlagt bodet skal det følgje ein plan/framdriftsplan frå bodgjevar på kva eigedomen skal brukast til, korleis ein vil ta i vare eigedomen og arkitekturen, forretningside knytt til bruk av eigedomen og eventuelle arbeidsplassar dette kan medføre. Formannskapet vil om nødvendig innhente tilleggsinformasjon angåande planane. Det blir sett krav om at eigedomen skal vidareutviklast og ha positive ringverknader for lokalsamfunnet. Verksemdar som ikkje oppfyller dette kravet og elles kan ha negative ringverknader for miljøet, for eksempel støv og støy, kan ikkje etablerast på eigedomen.

I vurderinga av boda vil det ikkje berre bli vektlagt kjøpesum, men også planane for bruken av eigedomen. Det er såleis ikkje nødvendigvis den med det høgaste bodet som får kjøpt eigedomen.

Skjåk kommune tek atterhald om å forkaste kvart tilbod ut frå ei heilskapleg vurdering av pris og kva eigedommen er tenkt brukt til. Dersom resultatet av den politiske handsaminga er at ein ikkje har bod som kan akseptrast, til dømes fordi kjøpesummen er for låg, vil det bli gjeve ein ny frist for å kome med bod. Alle som har kome med bod i fyrste bodrunda vil då bli kontakta. Det vil bli opplyst om kva som er høgaste bodet frå fyrste bodrunda og ny frist for å kome med bod. Andre enn dei som var med i fyrste runde vil også ha moglegheit til å inngje bod. Om nødvendig kan det blir lagt opp til open bodrunde til slutt.

Finansiering: Skriftleg dokumentasjon av finansiering skal følgje bodet. Vær merksam på at usikkerheit knytt til finansiering grunna manglande dokumentasjon kan medføre at bod ikkje blir akseptert.

Oppgjør: Kontant mot skjøte fritt for pengeheftelsar. Oppgjeret blir handsama av advokat Ingrid Lund, Vågå. Kjøpesum med tillegg av omkostningar skal være disponibelt på klientkonto til den som handterer oppgjeret innan overtakelsen.

Generelle vilkår: eigedomen blir seld som han er jf. avhl. §3-9 med visse unntak. Den blir overteke som den står, utan innbo og ytterlegare rydding eller reingjering.

Overtaking: seinest innan 3 veker etter kontraktsinngåelse/tinglest skjøyte er på plass. Gjerne tidlegare.

Eigarskifteforsikring: Det er ikkje teikna eigarskifteforsikring.

Skjåk, 12.10.2020
Ove John Plassen